

# Lokal forskrift om satsar for utrekning av grunntilskot til private barnehagar i Sykkylven kommune for 2027

Fastsett av kommunestyret i Sykkylven [dato] med heimel i [lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehager \(barnehagelova\)](#) §§ 19 og 19a og Forskrift 23. mars 2026 nr. 454 om finansiering av private barnehagar (finansieringsforskrifta) § 1, jf. § 6.

## § 1. Verkeområde og ikraftsetjing

Forskrifta fastset satsar for utrekning av grunntilskot til private barnehagar i Sykkylven for tilskotsåret 2027.

Forskrifta gjeld for private ordinære barnehagar i kommunen som har rett til tilskot etter barnehagelova § 19 første og andre ledd.

Forskrifta tek til å gjelde 1. januar 2027.

## § 2. Satsar for grunntilskot

Ved utrekning av grunntilskot til private barnehagar nyttast følgande satsar per heiltidsplass.

Barn 0-2 år: Kr 291 048,-

Barn 3-6 år: Kr 153 780,-

## § 3. Utrekningsgrunnlaget og atterhald om endringar

Satsane er rekna ut på grunnlag av den siste tilgjengelege kommunerekneskapen, som er rekneskapsåret 2025.

For ordinære barnehagar er satsane rekna ut på grunnlag av dei ordinære driftsutgiftene kommunen har i tilsvarende kommunale barnehagar, med dei frådraga og påslaga som følgjer av barnehagelova § 19 a og finansieringsforskrifta.

Foreldrebetaling for kommunale barnehagar er trekt frå utrekningsgrunnlaget.

Grunnlaget for satsane er indeksregulert med kommunal deflator, det vil seie venta pris- og lønsvekst i kommunesektoren.

Kommunen tek atterhald om at satsane kan justerast dersom:

- Stortinget vedtek endringar i kommunal deflator
- Stortinget vedtek endringar i maksimalprisen for foreldrebetaling
- kommunen vedtek lågare foreldrebetaling enn den nasjonale maksimalprisen
- nasjonale styresmakter vedtek endringar i lov eller forskrift i løpet av tilskotsåret som fører til endringar i utrekninga av satsane

Eventuelle justeringar av satsane på grunn av forhold som er nemnde ovanfor, blir gjorde administrativt utan førehandsvarsel, jf. forvaltningslova § 37 fjerde ledd bokstav c. Justerte satsar blir formidla til dei private barnehagane, og forskrifta blir oppdatert utan ugrunna opphald.

#### **§ 4. Dokumentasjon av utrekninga**

Utrekninga av satsane er gjort i samsvar med gjeldande regelverk. Grunnlaget er synleggjort i tilskotsmalen for private barnehagar, som er utarbeidd i samarbeid mellom KS og PBL.

#### **§ 5. Enkeltvedtak om kommunalt tilskot**

Tilskotet til den enkelte private barnehage blir fastsett i enkeltvedtak etter barnehagelova §§ 19 a–c og finansieringsforskrifta § 3, med grunnlag i satsane som er fastsette i denne forskrifta.